HELSE VEST

# FORBETRINGSUTDANNING HELSE VEST
## Handbok kull 1
*2017/2018*

**PASIENTTRYGGLEIK**
*Mitt ansvar!*









# Velkommen til forbetringsutdanninga til Program for pasienttryggleik i Helse Vest

Formålet med utdanninga er å sette deg i stand til å sette i verk, leie og gjennomføre kliniske forbetringsprosjekt, som gir varig betring av tenestene, til det beste for pasientar, pårørande og medarbeidarar.

Det er eit aukande behov i helsetenesta for å gjennomføre endringar som fører til varige og kontinuerlege forbetringar. Kontinuerleg forbetring handlar om å kombinere kunnskap om forbetring av diagnostikk og behandling (profesjonell kunnskap) med kunnskap om forbetring av prosessar og system (forbetringskunnskap). God pasientbehandling er som regel eit resultat av tradisjonell forbetring, basert på fagleg grunnlag, erfaringskunnskap og verdiane som pregar kulturen til profesjonane (profesjonell kunnskap). Forbetringskunnskap er eit supplement som kan bidra til å forstå og analysere system, samhandling og prosessar. Systemkunnskap gjer det enklare å innarbeide kunnskapsbasert praksis, forstå variasjon og forbetre heile pasientforløpet.



Batiden og Stolz (1993)

Program for pasienttryggleik i Helse Vest tilbyr opplæring i forbetringskunnskap med fokus på The Model for Improvement (forbetringsmodellen) og statistisk prosesskontroll (SPC). I begge desse metodane handlar det om å implementere beste praksis og bruke hyppige målingar for å følgje med på forbetringar av både prosessar og resultat.

Utdanninga er inspirert av Improvement Advisor-utdanninga til Institute for Healthcare Improvement (IHI) og nordisk forbetringsagentutdanning i regi av Dansk selskab for patientsikkerhed og pasienttryggleiksprogrammet «I trygge hender» (Helsedirektoratet).

## Læringsmål

Formålet med utdanninga er å gjere deltakarane i stand til å setje i verk og leie forbetringsarbeid som kan føre til varige endringar i helsetenesta. I tillegg er det eit mål at deltakarane etter utdanninga skal bidra med kompetansen sin i det lokale forbetringsarbeidet og ta del i forbetringsmetodikkopplæringa i føretaket sitt.

Etter utdanninga skal deltakerane kunne
- leie forbetringsarbeid
- setje konkrete, talfesta og tidfesta mål for forbetringsarbeidet
- bruke spesifikke metodar for å teste nye arbeidsprosessar og rutinar
- bruke ulike metodar for å spreie forbetringar og halde fast på oppnådde resultat
- bruke målingar jamleg for å sjå om ei endring er ei forbetring
- føre forbetringskompetansen vidare til kollegaer i helsetenesta

## Målgruppe

Utdanninga er retta mot klinisk helsepersonell og kvalitets- og pasienttryggleiksfolk som i dag arbeider med og leier forbetringsarbeid i klinisk praksis, og som ønskjer å få kompetanse i forbetringsmetodikken.

## Om forbetringsutdanninga

Utdanninga er bygd opp rundt Demings System of Profound Knowledge, Model for Improvement frå Improvement Advisor Professional Development-programmet, statistisk prosesskontroll (SPC) og diverse kreative metodar innanfor forbetringsarbeid. Utdanninga er praktisk orientert. Alle som deltek, må derfor ha eit klinisk forbetrings-arbeid som dei skal jobbe med i perioden.

Utdanninga vekslar mellom undervisning og rettleiing på samlingar og konkret forbetringsarbeid i den kliniske praksisen til deltakarane. Deltakarane får tilbod om rettleiing og undervisning mellom seminara gjennom videokonferansar. Læringsprinsippet for utdanninga er «all teach, all learn», noko som inneber at alle deltek aktivt i øvingar og diskusjonar, og at alle deler kunnskap og erfaringar frå sitt eige forbetringsarbeid med dei andre deltakarane under utdanninga. Det er høge krav til deltakaraktivitet sidan ein jobbar med eit eige forbetringsarbeid som case under utdanninga.

**Varigheit og form**
- Deltakarane skal gjennomføre eit forbetringsarbeid i sin eigen organisasjon i løpet av dei om lag ti månadene utdanninga varer.
- Det er seks dagar med undervisning fordelt på tre samlingar.
- Det er fire video-/telefonseminar.
- Undervisningsforma varierer mellom teori, case-basert undervisning med utgangspunkt i forbetringsarbeidet til deltakarane, praktiske øvingar, bruk av statistisk prosesskontroll (SPC), kommunikasjonsøvingar og deltakarpresentasjonar.
- Undervisarane er nordiske og internasjonale ekspertar som har erfaring med å gjennomføre forbetringsarbeid.
- All litteratur er inkludert i utdanninga og blir delt ut på den første samlinga.

**Litteratur**
- Jacob Anhøj (2015). Kompendium i kvalitetsudvikling – Rammer og redskaber. Munksgaard
- Langley et al. (2009).The Improvement Guide
- Sarah W. Frasier (2007). Fremskynde spredning af god praksis – en arbeidsbog
- Region Midtjylland, Eva Tersbøl & Betina Ringby. Tænk anderledes (oversat og bearbejdet version af NHS Institute for Innovation and Improvement: Thinking differently)

## Leiarforankring

Deltaking i utdanninga er ei strategisk satsing for organisasjonen til deltakaren. Det er ein føresetnad at den nærmaste leiaren legg til rette for at deltakaren kan vere med på samlingar og telefonmøte, og frigir tid for deltakaren til å arbeide med forbetringane før og mellom samlingane. Det er òg ein føresetnad at forbetringsarbeidet er forankra hos den nærmaste leiaren, og at den nærmaste leiaren spør etter resultat og fjernar hindringar for arbeidet.

# Milestolpar i utdanninga

**Samlingane er tilpassa den utviklinga forbetringsarbeidet er forventa å gå igjennom:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Aktivitet | 1 — 23.–24. august 2017 **Samling 1** **Sola Strand hotel** 2 2 | 8.–9. november 2017 **Samling 2** **Scandic Flesland Airport** 3 3 3 | 14.–15. mars 2018 **Samling 3** **Clarion Hotel Air, Stavanger** 4 4 |
| Leseliste før samling | How to improve<br>http://www.ihi.org/resources/Pages/HowtoImprove/default.aspx<br><br>Introduction<br>http://www.ihi.org/resources/Pages/HowtoImprove/ScienceofImprovementHowtoImprove.aspx<br><br>Forming the team<br>http://www.ihi.org/resources/Pages/HowtoImprove/ScienceofImprovementFormingtheTeam.aspx<br><br>Setting aims<br>http://www.ihi.org/resources/Pages/HowtoImprove/ScienceofImprovementSettingAims.aspx<br><br>Establishing measures<br>http://www.ihi.org/resources/Pages/HowtoImprove/ScienceofImprovementSettingAims.aspx<br><br>Selecting changes<br>http://www.ihi.org/resources/Pages/HowtoImprove/ScienceofImprovementSelectingChanges.aspx<br><br>Testing changes<br>http://www.ihi.org/resources/Pages/HowtoImprove/ScienceofImprovementTestingChanges.aspx | The Improvement Guide, kapittel (2, 4, 5,) 6 og 7<br>Kompendium i kvalitetsudvikling | The Improvement Guide, kapittel 8 og 9<br><br>How to improve:<br>http://www.ihi.org/resources/Pages/HowtoImprove/ScienceofImprovementSpreadingChanges.aspx<br><br>Fremskynde spredning af god praksis |
| Milestolpar | **Til den første samlinga er det forventa**<br>• at deltakaren har identifisert<br>• eit problem og eit eigna forbetringsarbeid<br>• at deltakaren har svart på dei tre spørsmåla i forbetringsmodellen<br>• at deltakaren har støtte frå leiaren sin og kan setje av tid til å delta på aktivitetane i utdanninga og arbeide med endringane mellom samlingane | **Til den andre samlinga er det forventa**<br>• at deltakaren har utarbeidd drivardiagram og handlingsplan<br>• at deltakaren har gjennomført 10–20 PDSA-testar<br>• at deltakaren har utvikla indikatorar, begynt å samle inn data og regelmessig ser på resultata<br>• at det er etablert dialog mellom dei tilsette om målingane og kva ein kan gjere betre | **Til den tredje samlinga er det forventa**<br>• at det kvar veke er dialog mellom dei tilsette om målingane og kva ein kan gjere betre<br>• at det har skjedd forbetringar<br>• at forbetringsarbeidet er presentert i ein poster. Denne skal presenterast på tredje samling |

**TELEFONMØTER:**

1. Krav til forbetringsarbeidet og forventingsavklaringar
2. Flytskjema og drivardiagram
3. Innsamling, analyse og bruk av målingar
4. Kontinuerleg forbetring

**INNLEVERINGAR:**

2. Sende inn drivardiagram, flytskjema og døme på gjennomført PDSA og handlingsplan.
3. Sende inn ei indikatorbeskriving, eit døme på gjennomført PDSA, eit seriediagram
3. Sende inn poster for eige forbetringsarbeid.
4. Statusrapport

Rettleiaren tek utgangspunkt i desse innleveringane for vidare rettleiing i forbetringsarbeidet.

# Tidsplan



| **Aktivitet** | **Dato** | **Førebuingar/pensum/oppgåve** |
|---|---|---|
| Telefonmøte | **13.6.17, kl. 14–15** | Presentasjonsrunde med tittel på forbetringsarbeidet. Forsikre seg om at ein har støtte frå leiaren, og at ein kan setje av tid til å delta på aktivitetane i utdanninga. |
| 1. samling | **23.–24.8.17** | Samling over to dagar i Stavanger/Sola. |
| Frist for innlevering | **20.9.17** | Sende inn drivardiagram, flytskjema og døme på gjennomført PDSA og handlingsplan. |
| Telefonmøte | **25.9.17** | |
| 2. samling | **8.–9.11.17** | Samling over to dagar i Bergen/Flesland. |
| Frist for innlevering | **6.12.17** | Sende inn ei indikatorbeskriving, eit døme på gjennomført PDSA, eit seriediagram. |
| Telefonmøte | **11.12.17** | |
| Frist for innlevering | **7.03.18** | Sende inn Poster for eige forbetringsarbeid. |
| 3. samling | **14.–15.3.18** | Samling over to dagar i Stavanger/Sola. Presentasjon av eige forbetringsarbeid (Poster). |
| Innlevering | **17.4.18** | Statusrapport. |
| Telefonmøte | **23.4.18** | |
| Avslutning | **15.6.18** | |



# Program for samlingane

## Samling 1

| 23.8.17 Sola Strand Hotel | 24.8.17 Sola Strand Hotel |
|---|---|
| **Kl. 9.30–10.30**<br>Velkommen<br>Om forbetringsutdanninga<br>Presentasjon (lage våpenskjold) | **Kl. 8.00–8.15**<br>Oppsamling frå i går og presentasjon av dagens program |
| **Kl. 10.30–12.00**<br>System of Profound Knowledge (SOPK) v/Amar Shah | **Kl. 8.15–9.15**<br>Kvifor skal vi prøve ut, og kvifor skal vi måle? v/Karin Jensvold |
| **Kl. 12.00–12.45**<br>Lunsj | **9.15–10.00**<br>Øving med PDSA-sirklar v/Elisabeth Huseby |
| **12.45–13.45**<br>System of Profound Knowledge (SOPK) v/Amar Shah | **Kl. 10.00–10.30**<br>Kaffi |
| **Kl. 13.45–14.00**<br>Kaffipause | **Kl. 10.30–12.15**<br>Drivardiagram (teori) v/Synnøve Serigstad<br>Strukturert idémyldring v/Karin Jensvold<br>Lage drivardiagram – øving |
| **Kl. 14.00–16.00**<br>Forbetringsmodellen<br>Understanding and Applying the PDSA-model v/Amar Shah | **Kl. 12.15–13.00**<br>Lunsj |
| **Kl. 16.00–16.15**<br>Kaffipause | **Kl. 13.00–14.30**<br>Prosessforbetring (flytdiagram) v/Jan Sivert Bjerkås |
| **Kl. 16.15–17.00**<br>Erfaringsdeling: døme på eit gjennomført forbetringsarbeid | **Kl. 14.30 – 14.45**<br>Kaffi |
| **Kl. 17.00–19.00**<br>Ein tur på Solastranden eller høve til rettleiing | **15.00–15.45**<br>Avslutning sett gjennom linsa System of Profound Knowledge v/Synnøve Serigstad<br>Kva skal eg gjere før neste tysdag? |
| **Kl. 19.00**<br>Middag på hotellet | |





# Samling 2

| 8.11.17 Scandic Flesland Airport | 9.11.17 Scandic Flesland Airport |
|---|---|
| **Kl. 9.30–10.00**<br>Velkommen til samling 2<br>Repetisjon av SOPK og forbetringsmodellen | **Kl. 8.00–8.15**<br>Oppsamling frå i går og presentasjon av dagens program |
| **Kl. 10.00–12.00**<br>Design av måleplan, inkludert indikatorar, datatypar, datainnsamling, serie- og kontrolldiagram v/Jacob Anhøj | **Kl. 8.15–9.15**<br>På seg sjølv kjenner ein *ikkje* andre best.<br>Forbetringsarbeid utan pasientar? v/Linn Bæra, leiar av regionalt brukarutval i Helse Vest RHF |
| **Kl. 12.00–12.45**<br>**Lunsj** | **Kl. 9.15–9.30**<br>Kaffi |
| **Kl. 12.45–14.45**<br>Framhald av design av måleplan, inkludert indikatorar, datatypar, datainnsamling, serie- og kontrolldiagram v/Jacob Anhøj | **Kl. 9.30–10.30**<br>Å jobbe saman i forbetringsarbeid – roller, typar, personlegdom v/Elisabeth Huseby |
| **14.45–15.00**<br>Pause | **Kl. 10.30–11.30**<br>Grupper: Framlegg av eigne prosjekt og rettleiing |
| **Kl. 15.00–15.30**<br>Døme på eit forbetringsarbeid v/Mona Oppedal | **Kl. 11.30–12.15**<br>Lunsj |
| **15.30–17.00**<br>Heistale v/Kulturkompaniet | **Kl. 12.15–14.15**<br>Tenk annleis. Kreativitet! v/Synnøve Serigstad |
| **Kl. 17.00–19.00**<br>Pause og høve til rettleiing | **Kl. 14.15–14.30**<br>Kaffi |
| **Kl. 19.00–21.00**<br>Middag på hotellet | **Kl. 14.30–15.30**<br>Postermal<br>Oppgåver til neste videokonferanse<br>Oppsummering |



## Samling 3

| 14.3.18 Clarion Hotel Air, Stavanger | 15.3.18 Clarion Hotel Air, Stavanger |
|---|---|
| **Kl. 9.30–10.30:**<br>Kaffi. Heng opp poster. Postervandring | **Kl. 8.00–8.30**<br>Oppsummering av læringspoeng og dagens program |
| **Kl. 10.30–10.45**<br>Velkomst og presentation av program for samlingen og første dag | **Kl. 8.30–11.30**<br>Kommunikasjon og samarbeid for endring v/Kulturkompaniet |
| **Kl. 10.45–11.45**<br>Alle vil ha endring, men ingen vil endres. Hvordan håndtere motstand? v/Nick Sevdalis | **Kl. 11.30–12.15**<br>Lunsj |
| **Kl. 11.45–12.00**<br>Kaffi | **Kl. 12.15–13.15**<br>Forbetringstavler v/Siri Lerstølen Olsen |
| **12.00–13.00**<br>Nick Sevdalis fortset | **Kl. 13.15–13.40**<br>Kaffi |
| **Kl. 13.00–13.45**<br>Lunsj | **Kl. 13.40–14.00**<br>Publisering av forbedringsarbeid, Squire guidelines |
| **13.45–14.45**<br>Nick Sevdalis fortset | **Kl. 14.00–14.45**<br>Vegen vidare v/Elisabeth Huseby |
| **Kl. 14.45–15.15**<br>Kaffi med postervandring | **Kl. 14.15–15.00**<br>Avslutning |
| **Kl. 15.15–16.00**<br>Døme på forbetringsarbeid v/ Soffien Amji | |
| **Kl. 16.00–16.15**<br>Pause | |
| **Kl. 16.15–18.00**<br>Rettleiing i grupper | |
| **Kl. 19.00**<br>Middag med kåring av beste poster | |





# Deltakarar kull 1

| Fornamn | Etternamn | HF | Forbedringsarbeid |
|---|---|---|---|
| Mari | Hobberstad | Stavanger | Betre oppfølging og behandling av kroniske sår |
| Birgitte Natalie | Idsøe | Stavanger | Førebygging av rusproblem hos unge under 18 år |
| Raymond | Madsen | Stavanger | Gruppe for pårørande av nysjuke ved psykiatrisk sengepost, Stavanger Universitetssjukehus (SUS) |
| Nina | Christiansen | Stavanger | Trening som del av hemodialysebehandling. Eit tiltak for å auke livskvalitet og stimulere til fysisk aktivitet |
| Hanne | Juul | Stavanger | Forebygging og behandling av underernæring på sengepost rehabiliteringsavdelingen Lassa |
| Lars Kåre | Kleppe | Stavanger | Smittevernvisitt som del av antibiotikastyringsprogram |
| Silvia | Mæland | Stavanger | Mindre bruk av mekanisk tvang |
| May Helen | Brakestad | Stavanger | Brukarinvolvering i val av arbeidsmåte i møte med pasientar i barne- og ungdomspsykiatrien |
| Elisabeth | Blix Rasmussen | Fonna | Trygg overflytting frå intensivavdelinga til moderposten |
| Bogdan | Bercea | Fonna | Nyresteinsregisteret |
| Astrid | Botnen Aakre | Fonna | Forbetring i bruk av sjekklister og auka svarprosent på brukarundersøking ved FDPS Post F |
| Ester Marie | Espeset | Fonna | Pakkeforløp autisme |
| Marianne | Fjæreide | Bergen | Prosjekt X (LAR) |
| Lene | Alfstad Haugen | Bergen | Samvalsverktøy ved førebuing til fødsel |
| Lisbeth | Rustad | Bergen | Kva ville du gjort annleis? Læring av eiga og andre si erfaring |
| Heidi Synnøve | Brevik | Bergen | Forbetra akuttforløp for geriatriske pasientar – prosjekt i oppstartsfasen |
| Christina | Aasen Andersen | Bergen | Tverfagleg behandlingsplan, Kronstad DPS |
| Ine | Skåtøy | Bergen | Forbetra akuttforløp, geriatriske pasientar |
| Vegard | Ims | Bergen | Akuttforløp for pasientar med overdose |
| Krister Andre | Breivik | Bergen | Førebyggje og forbetre behandling av respiratoriske komplikasjonar etter thoraxkirurgi |
| Sara Kathrine | Mortensen | Bergen | Reduksjon av medisinfeil utførte av anestesisjukepleiar |
| Tonje | Wåle Flørenes | Bergen | Oppstart av skulderforløp |
| Christina | Stæger-Breisnes | Førde | «Integrering av erfaringskompetanse i det tverrprofesjonelle teamet»<br>Tilbod til menneske med langvarige ikkje-maligne smerter |
| Anne Marte | Sølsnes | Førde | Standardisert funksjonsvurdering ved utskriving frå sjukehus |
| Åse Ingeborg | Skare | Førde | Implementering av smittevisitt i somatisk klinikk |
| Hilde | Skjerve | Fagsenter for kvalitets-register | |
| Astrid | Stave | HDS | Skulderprosjektet |
| Frank Oddvar | Tollånes | HDS | Systematisk og tilpassa evaluering av smerter og delir for å betre kvaliteten i behandlinga av eldre pasientar med lårhalsbrot |
| Yngve | Kiserud | HDS | Kartlegging av høve til sjølvmedisinering på Haraldsplass |

HELSE VEST

*Helse Vest*
*Postboks 303 Forus*
*4066 Stavanger*
*Telefon: 51 96 38 00*
*www.helse-vest.no*